



Jarleiv Eikeland var maskinkøyrar på anlegget i Svea. Her syner han fram bilete frå den tida.

Jarleiv Eikeland og Einar Tysdal frå Uskedalen var i Svea 1974 for entreprenørfirma G. Røssland på Husnes. Harald Opdal frå Tysnes og Nils Gunnar Markhus var også med. Dei budde i Uskedalen nokre år på den tida. Eikeland var med det eine året, Tysdal var oppe nokre sesongar til. Arbeidet i Svea var vegbygging frå lageret ved tunnelen fram til ny utskipingskai. Dessutan laga dei ein mindre demning og la ut massar til ein kortbaneflyplass.



[Lastebilsjåfør Einar Tysdal var på Svalbard fleire sesongar på 1970 talet.](#)

Jarleiv minnest godt tida på Svalbard, frå juni til oktober månad. Turen opp gjekk med fly til Tromsø via Fornebu og Bardufoss og vidare med hurtigruta til Longyearbyen. Så var det 8 timars båttur til Svea med sysselmannen sitt farty NORDSYSSEL. Returen gjekk med fly frå den nye flyplassen, som rett nok offiselt vart opna av Kong

Olav 2. september 1975. Han hugsar godt heimreisa. Flyet måtte gjera vendereise to gonger grunna dårleg ver. Røssland sine arbeidrar låg på ein benk på flyplassen og var klar for avreise på kort tid.



Svea ligg inst i Van Mijenfjorden. Gruva vart nedlagt nokre år etter år 2000.

Arbeidarane budde i brakke i Svea. Store Norske hadde kokk og stod for forpleining. Dei gjekk 12 timars skift dag og natt, bortsett frå laurdagen. Då gjekk dei frå kl. 06 til kl. 18. Jarleiv Eikeland var maskinkøyrar. Einar Tysdal var lastebilsjåfør.

Alt utstyret vart frakta med to båtar frå Bogosnes på Husnes til Svea. Det var to bulldosarar, to gravemaskinar, to hjullastarar og mykje anna utstyr. Fem lastebilar vart leigde inn, ein hadde Røssland sjølv.

Håkon Røssland fortel til Uskedalen.no at G. Røssland hadde arbeid på Svalbard i perioden 1975 til 1978, bortsett frå 1976. I 1976 var det stor usikkerhet på Svalbard. Det hadde samband med skipsreiar Hilmar Reksten, som var inne med aksjar i drifta, og som fekk vanskar økonomisk.

Etter arbeidet var ferdig i Svea, fekk Røssland mykje arbeid i Longyearbyen, mellom anna med fundamentet til kolkraftverket, hamnelageret, veg fram til innslaget i Gruve 7 og andre oppdrag for å betra infrastrukturen i byen. Håkon stakk sjølv vegen fram til gruve 7.

Den 2 - 3 km lange vegen i Svea fram til ny utskipingskai var for å kunna ta større skip, opp til 20 000 dwt. Svea var i drift fram i mange år etter den store investeringa. Det var god drift og god produksjon av reint kol til marknaden i Europa. I dag er det berre drift i Gruve 7 og delvis i Barentsburg.

Anita Tysdal, dotter til Einar, minnest godt tida faren var på Svalbard. Mor hennar, Alfhild, fekk tur til Svalbard for å besøka mannen. Magnhild Eikeland minnest godt at ved heimreisa spanderte Gunnar Røssland reise og hotell i Bergen på alle ektemakane. Alle stod klar på Flesland då flyet landa.

Totalt hadde G. Røssland 30 mann i arbeid på Svalbard. Det vart ein stor kontrakt.

Ja, det var tider det !

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Jarleiv syner foto då dei matar isbjørnen frå handa, tett ved brakka.